Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: } Sandeid

Bygdelag: }

Emne: Ard og plog

Oppskr. av: Jens Børretzen

(adresse): Sandeid

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter minne og

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): etter det gamle folk har fortalt. Eg er 80 år g

SVAR

1. Her i bygdi brukast ordi ard og plog um ein annan. Dei gamle sa ard (ar med lang a) Yngre folk seggjer plog.

2. No nytast berre vanlege fabrikklaga plogar, og i mitt minne har ikkje vore nytta reidskap likt nokon av dei 4 fyrste bileti som fyl med spyrjelista. Eg har heller ikkje høyrt gamle folk i min ungdom tala um krysskjöring av åkeren. Kornet vart molda ned med mölleriva eller grev. Dei åkrane var plate nytta ein harv med tretindar.

3. Hyppeplog laga mest som ein liten snöplog har eg sett nytta til å „grava opp mot poteter". Plogen var sett fast til ein treås Tria Reidskapen vart dregen av ein mann og ein styrte.

Tjölve plogen var laga antan av bord eller av tunne jarnplater kring 60 cm lange.

1397

4.} Sjå svar til 1 og 2.
5.)

6. Skoklane kallar ein her sjokker, eint. skåk. bestemt form skåkjo. Plogdrette heile reidsk.

7. Ardskjeret kallar ein vaungpe(pen) Eg minnest at dei ~~hadde~~ ymse smedar laga dei noko ulike; men alle nokonlunde som på fig. 11. Fleire plogar med ymse skjerbreidde på same gardon kjenner eg ikkje til

8. Dei eldste ardane eg har høyrt gjete hadde ein veltefjøl av tre. Gamle båthalsbord var mykje etterspurde til dette, då dei var passe „vinsa"

9. Ard har eg aldri høyrt brukt um horver

10. På dei eldste eg minnest var ingi greie til å regulera djupna med. Djupna vart regulert med lengda på ardstikket.

11.) Ardtyper som fig. 5-7 er ukjende

12.

13. No brukast berre fabrikklaga plogar. Skiftet kom då plogfabrikkane på Jæren vart kjende kring 1900-1910

14. I vår bygd var ein smed som laga plogar. Han døydde i 1915. Han vølte også plogar som var kjøpte frå andre bygder

1397

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4 spd = 16 kr var prisen på
ein vanleg plog.
14. „Grendeplog" hev høgt nemd
plogar med nokkunlunde same
slags handtak som på fig. 8.
Men dei var heilt av jarn
med undantak av åsen,
som var av tre. Det var ogso
„grendi"=handtaket. Fjøli
var vridd. „Foten" høyrde
eg sleen kalla.
15. Plogkaren hadde alltid
med ein liten spa, spova
til å få molda av velte-
fjøli. Spova hang på ein
spikar slegen inn i åsen
ved styret. Ho var av tre
og 30-40 cm lang og 10-12 cm breid.



Plog=
spova.

16 Kva veg ein velte plogen
under kvelvekøyringi
var etter som det hende.
Ein det var etter det plogkaren
~~17~~ fann lettast
17. Ein „skjekkehel" var spikra
på åsen
18 Vendeplogar var ikkji
nytta, då ein berre pløgde
ein veg og heller „køyrde tom"
enn å leggja mot bakken
19. 4-6-7 tommer var vel det
vanlege. Djupni vart regulert



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

med kortare eller ~~og~~ lengre „ardslekkje"
20. „Kistedl" hadde alle plogar eg har sett
21. Nokon plog til å skjera føre med har eg ikkje høyrt gjete eller sett.
Det var heller ikkje naudsynt, då det berre var åker som vart pløgd. Nybrot vart alltid gjort med spade som laut vera sers sterk. Opptaksspa.
22. Slede til plogen vo ikkje
23. Fjellenstens- eller fjellbergsplog har eg ikkje høyrt gjete. Nokon plog av det skap har eg ikkje sett nokon stad i Rogaland eller Hordaland der eg har vore
Her i bygdi har eg sett ymse plogtyper. Fig. 13 og 14 er dei som var vanlegast. Men veltefjøli var meir avrunda i bakre enden. Dei plogar som var likast fig. 13 hadde også ristedl.
Her hjå oss segjer ein no plogås, før sa dei gamle arås (sjå svar til 1 og 2)
Folket her segjer ar med langa a og plog. Ar er han-kjønsord i bort bygdemålet.
Vange, kistedl, veltefjøl, plogås, arås, arlekkje er vanlege

1397
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ord å höyre. Det kan vera fleire namn eg no hev glöymt men hev brukast dei same ordi som vanleg i Ryfylke-bygdene.

Der åkrane var bratte vart dei spadde for ikkje å få jordi anda bakkjen". Mange trudde ein fekk betre avling um ein nytta spa og möllerriva enn ved å brukte plog og harv. Ein kunde höyre dette heilt fram til 1900 talet. No höyrer det aldri.

E. s.

Det er gildt å svare på det som vert spurt um. Eg berre finn det gale at det er so lite eg hev dette vore på "frå gamalt" no er eg glöymsken vorten som ventande er so gamal eg er.

Vyrdsamt
Jens Börretzen

1397
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING